

Møtereferat

Til stades:	Terje Lohndal (leiar), Linn Okkenhaug Getz, Randi Solheim, Vikas Thakur (video), Anders Ulstein, Cecilie Bjørnsdotter Raustein, Wolf Ludwig Kuhn, Thor Bjørn Arlov (sekretær/referent), Julie Flikke (observatør)		
Forfall:			
Kopi til:	Prorektor forskning		
Gjelder:	Utval for revidering av NTNUs språkpolitiske retningslinjer (Språkpolitikkutvalet), 1. møte		
Møtetid:	Måndag 14.02.2022 kl. 13.00-15.00	Møtestad:	Digitalt (Teams)
Signatur:			

1. Innkalling og sakliste

Det var innkalla til møte i e-post og i Teams-kanalen til utvalet. Det var ingen merknader til innkallinga. Referat frå førre møte var sendt ut tidlegare og godkjend.

SAKSLISTE

Sak	Innhald
1.	Innkalling, referat og dagsorden
2.	Orienteringer ved Terje og Thor Bjørn
3.	Status for webinarret 24. mars
4.	Gjennomgang av utkastet til retningslinjer, resterende kapitler ( Siste utkast, versjon 3 , på Teams)
5.	Diskusjon: Samiske språk
6.	Eventuelt

2. Korte orienteringar og oppdateringar

- Terje og Thor Bjørn deltok på møte med norskseksjonen på HF-ISL den 14.02. Det blei orientert om bakgrunnen for utvalet sitt arbeid og presentert utkast til allmenne prinsipp. Vi fekk nyttige synspunkt og spørsmål, som Terje svarte på. Seksjonen er positiv til å kommentere på utkast til retningslinjer når det nærmar seg avslutning av arbeidet..

Postadresse7491 Trondheim
Norway**Org.nr. 974 767 880**postmottak@ntnu.no
www.ntnu.no**Besøksadresse**Høgskoleringen 1
Hovedbygningen**Telefon**

+47 73595000

SakshandsamarThor Bjørn Arlov
thor.arlov@ntnu.no
Tlf: 90635072

- Terje og Thor Bjørn var til stades på møte i Utdanningsutvalet 17.01. Nokre førebels prinsipp frå språkpolitikken blei presentert. Det blir inga høyring før utvalet leverer innstillinga i juni, men det kan hende rektor ønsker å høyre organisasjonen etterpå. Det kom fleire gode spørsmål og innspel i møtet, og vi fekk støtte til hovudlinene.
- Thor Bjørn var med på møte med HF-fakultetet, ISL og representantar for NTNU Gjøvik og Ålesund om norskkurset. Rektor har gitt ei ekstraløyving på 1,5 mill. kroner til å styrke tilbodet, og det var bruken av desse midlane som blei diskutert. Det blir fleire møte om dette i vår.
- Terje opplyste at NTNU-leiinga vil ta opp med departementet forventninga om at utanlandske tilsette skal lære norsk på to år. Fagmiljøa tilrår tre år.

3. Status for webinar 24.3.

Terje orienterte om deltakarane i dei to panela som no er rekrutterte (jf. Melding på Teams). No handlar det om å få ut informasjon til NTNU-folket, og det treng vi hjelp til frå Kommunikasjonsavdelinga. Vi treng også hjelp til å samle inn spørsmål til panela på førehand, og her kan medlemmane i utvalet òg bidra. Send gjerne gode spørsmål til Terje, slik at han kan førebu seg.

4. Utkast til retningsliner, kapittel 4-6

Utvalet gjekk gjennom kapittel 4 Formidling og gjorde justeringar i utkastet, versjon 3, som låg føre. Det blei mellom anna peika på klarspråk som ideal og det at NTNU skal gi støtte i forskingsformidling

Utvalet gjekk så gjennom kapittel 5 Administrasjon ... og gjorde justeringar i utkastet (§§ 28 og 29). Tidleg i retningslinene må 'norsk' definerast som bokmål og nynorsk, slik at det er nok å bruke nemninga 'norsk' i resten av dokumentet. Det blei klargjort at kravet om nynorskkompetanse gjeld på institusjonsnivå, og institusjonen må syte for at språklege rettar blir respekterte, jf. § 4. Utvalet må komme tilbake til dette i samband med tiltak.

Kapittel u.n. Oppfølging blei kraftig forenkla, slik at § 31 no samlar alt som har med det språkpolitiske utvalet å gjere, utan å bli for detaljert. Rekkefølga blei òg endra, slik at retningslinene endar med at språkpolitikk skal inngå i strategiar på alle nivå (§ 32).

Leiar innarbeider endringsforslaga i eit revidert utkast som blir lagt ut i Teams-kanalen.

5. Samiske språk

Terje refererte frå ein samtale med språkdirektør Wetaas, som ikkje så det som naturleg at NTNU seier noko om samisk i sine retningsliner, etter som vi ikkje har campusar i samiske forvaltningsområde. Ho tilrår å bruke formuleringa i lova om å «ta omsyn til ...» heller enn å ha ein symbolpolitikk med t.d. skilting på samisk.

Utvalet var samd i vurderingane til språkdirektøren. Det kan skrivast noko om respekt for mangfald og minoritetsspråk i innleiing/forord som viser at NTNU er merksam på dette.

6. Eventuelt

- Det var inga saker til Eventuelt. Utvalet var godt nøgd med møtet.
- Neste møte (digitalt) er måndag 14. mars 13.00-15.00. Førebels innkalling er sendt ut, sakliste og møtepapir kjem i veka før møtet.